



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Komite for oppvekst
Stad:	Herøy rådhus, Møterom I
Dato:	14.11.2013
Tid:	12:30 – 16:00

Medlemer som møtte:

Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Stig Arne Helsem Sævik	Medlem	H
Stian Sævik Elveseter	Medlem	H
Solveig Helen N. Båtsvik	Medlem	FRP
Bjarne Kvalsvik	Nestleder (fung. leiar)	FOLK/SP
Per Kristian Furø	Medlem	AP

Forfall:

Linn-Therese Hansen Sævik	LEDER (permisjon)	KRF
---------------------------	-------------------	-----

Varamedlemer som møtte:

--	--	--

Andre

Sekretær Hilde B. Skinnes
Leiar for Skuleavd. Sølvi L. Remøy
Vaktmeister Phillip Kessler-Myking
Leiar for Barnehageavd. Laila K. Solhaug

Konsulent Skuleavdelinga Eivind Longva
Leiar for Eigedomsavd. Robert Myklebust
Leiar for Anlegg og driftsavd. Jon Rune Våge

Leiar Linn-Therese Hansen Sævik har fått innvilga permisjon og nestleiar Bjarne Kvalsvik leia møtet.

Til saman møtte 6 faste, 1 mindre enn fulltalig.

Til å skrive under møteboka saman med leiaren vart desse valde:
Stig Arne H. Sævik og Per Kristian Furø

Referatsaker:

RS 8/13 Drøftingsnotat jfr. Sakshandsaming skuleval.
Skal leggjast ved KO-sak 22/13 til handsaming i Kommunestyret

RS 9/13 Rammeavtale.
Ingen merknader

Referatskriv 10/13 Kommunedelplan Trafikktrygging 2013-16-offentleg ettersyn.
Komite for Oppvekst vil i eige brev kome med merknader og uttale til Kommunedelplan Trafikktrygging.

AP, Per Kristian Furø fekk permisjon kl. 14.30, etter handsaming av RS 10/13.
H, Stian Elveseter fekk permisjon kl. 14.50, etter orientering om budsjettet.
FrP, Solveig Båtsvik fekk permisjon kl. 15.40, etter orientering frå Anlegg og driftsavg.

Leiar for Barnehageavg. Laila K. Solhaug orienterte om budsjettet for 2014.
Leiar for Skuleavg. Sølvi L. Remøy orienterte om budsjettet for 2014.
Leiar for Eigedomsavg. Robert Myklebust orienterte om ventilasjon/vedlikehald på Ytre Herøy ungdomsskule og Moltu skule.
Leiar for Anlegg og driftsavg. Jon Rune Våge orienterte om trafikksituasjonen ved Bergsøy-skulane.
Komite for Oppvekst er uroa over trafikksituasjonen og vil sende oppmoding om trafikkavvikling og bruk av refleksvest til Elevråd og foreldre ved Bergsøy-skulane og barnehagane.

Neste møte: 02.12.13 kl. 12.30

Stig Arne H. Sævik

Bjarne Kvalsvik
underskrifter

Per Kristian Furø

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 19/13	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 20/13	Protokoll frå førre møte
PS 21/13	Referatsaker
PS 22/13	Val av skule, retningslinjer
PS 23/13	Revisjon av retningslinene for utmåling av kommunalt tilskot til ikkje-kommunale barnehagar
PS 24/13	Strategi for å rekruttere pedagogiske leiarar med godkjent utdanning i kommunale og private barnehagar i Herøy
PS 25/13	Mellombels auke av tal barnehageplassar i Myrsnipa barnehage
PS 26/13	Tertialrapportering per 01.09.2013.

Referatsaker

RS 8/13	Drøftingsnotat jfr. sakshandsaming skuleval
RS 9/13	Rammeavtale.
RS 10/13	Kommunedelplan Trafikktrygging 2013-16 - offentlig ettersyn

Orientering/drøfting:

Ventilasjon Ytre Herøy ungdomsskule og Moltu skule

Trafikksituasjonen ved Bergsøy-skulane

Vedlikehaldsrutiner

Orientering vedr. budsjett frå Barnehageavdelinga og Skuleavdelinga

Møtetidspunkt

PS 19/13 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste

PS 20/13 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokollen frå førre møte låg føre.

PS 21/13 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatskriv frå avdelingane låg føre.

PS 22/13 VAL AV SKULE, RETNINGSLINJER

Møtebehandling:

Leiar for Skuleavdelinga Sølvi L. Remøy og Konsulent Eivind Longva orienterte i saka.

H, Stian Elveseter kom med slikt framlegg om nytt punkt 5:
Komite for Oppvekst ønskjer status for antall klagesaker for 2014 og vil då ta saka opp til ny vurdering.

Rådmannen si tilråding med tillegg av nytt punkt 5 vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for oppvekst - 14.11.2013

1. Kommunen sine vedtekne krinsgrenser er eit overordna prinsipp
2. I visse høve kan ein opne for dispensasjon og innfri byte av skule, t.d. ved at foreldra skal flytte til/frå ny skulekrins innanfor eit skuleår.
3. Dersom det ligg føre tungtvegande grunnar med fagleg uttale frå hhv skule, PPT, barnevern og/eller helse, kan ein elev flyttast til annan skule.
4. Handsaming av søknad om byte av skule vert gjort som enkeltvedtak etter opplæringslova §8.1, med klagerett til fylkesmannen etter forvaltningslova.
5. Komite for Oppvekst ønskjer status for antall klagesaker for 2014 og vil då ta saka opp til ny vurdering.

PS 23/13 REVISJON AV RETNINGSLINENE FOR UTMÅLING AV KOMMUNALT TILSKOT TIL IKKJE-KOMMUNALE BARNEHAGAR

Møtebehandling:

Leiar for Barnehageavd. Laila K. Solhaug orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for oppvekst - 14.11.2013

Herøy kommunestyre vedtek framlegg til revisjon av "Retningslinjer for utmåling av kommunalt tilskot til ikkje- kommunale barnehagar f.o.m 2014" som dei ligg føre.

Tillegget Herøy kommunestyre vedtok i 2011, står framleis ved lag.

PS 24/13 STRATEGI FOR Å REKRUTTERE PEDAGOGISKE LEIARAR MED GODKJENT UTDANNING I KOMMUNALE OG PRIVATE BARNEHAGAR I HERØY

Møtebehandling:

Leiar for Barnehageavd. Laila K. Solhaug orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for oppvekst - 14.11.2013

Herøy kommune gir eit stipend i samsvar med vilkåra i saksutgreinga for inntil to fast tilsette pr år i kommunal eller privat barnehage som har søkt og kome inn på arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning. Ordninga vil gjelde frå hausten 2014.

Rådmannen får i oppdrag å utarbeide retningslinjer og rutiner for gjennomføring av tiltaket.

PS 25/13 MELLOMBELS AUKE AV TAL BARNEHAGEPLASSAR I MYRSNIPA BARNEHAGE

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for oppvekst - 14.11.2013

Kommunestyret er positiv til at det vert gjort tiltak i samsvar med saksutgreiinga for å kunne auke tal barnehageplassar ved Myrsnipa barnehage Tiltaket er mellombels og gjeld i tidsromet januar - juli 2014. Auka kostnader må leggjast inn som ei føring i budsjett 2014, og endeleg vedtak vert gjort i budsjetthandsaminga 12. desember 2013.

Tiltaket vil våren 2014 utgjere slik kostnad:

1. Ca. kr 270.000 i auka lønskostnader
 2. kr.20.000 til ekstra utstyr og materiell
 3. Meirinntekt foreldrebetaling ca. kr. 42.000,-
- Netto kostnad blir: kr. Kr. 248 000,-

PS 26/13 TERTIALRAPPORTERING PER 01.09.2013.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for oppvekst - 14.11.2013

Saka vert tatt til vitande.

MØTET SLUTT!